

Olje- og energidepartementet

Høyringsvar vedrørende forslag til endringer i fornybardirektivet, energieffektiviseringsdirektivet og bygningsenergidirektivet

Det vert vist til høyring i forbindelse med endringar i overnevnte fornybardirektivet, energieffektiviseringsdirektivet og bygningsenergidirektivet. Kommunesektoren er ein sentral aktør i energipolitikk både på eiersiden, forbrukssiden og som planmyndighet. Mange av tiltakene som kjem gjennom endringane i direktiva, vil utspegla seg i kommunene.

EU vil at utbygging av vindkraft skal gå mykje raskere – regjeringa har sendt forslaget på høring. Dei aktuelle forslaga kan, om dei blir vedtatt, gir dramatiske konsekvenser for mange mennesker, store naturområder og samfunnsøkonomien i lang tid. Innhaldet i høyringsforslaget inneber mellom anna at nye konsesjoner for vindkraft og overføringslinjer skal behandles mykje raskare enn før, med behandlingstider ned mot eit til to år.

Fitjar Arbeiderparti vil peika på at det er uheldig at forslaget som er lagt ut, ikkje er oversatt til norsk. At underlagsdokumenta til høyringa er på engelsk, gir ikkje eit godt nok grunnlag for alle å setja seg inn i saka. Det er ikkje akseptabelt. Fitjar arbeiderparti krever at alle relevante dokumenter blir gjort tilgjengeleg på norsk.

OED legger opp til en høring i sommerferien, med høringsfrist 8. august. Vi ser at fristen nå er utsatt til 28. august. Det er ikke tilstrekkelig. For å kunne setja seg godt inn i dokumentet, krev Fitjar AP at høringsfristen blir forlenget til minimum 8 - åtte - uker etter at alle versjoner av underlagsdokumenta ligg føre på norsk.

EU vil at utbygging av vindkraft skal gå mye raskere – regjeringa har sendt forslaget på høring. De aktuelle forslaga kan, om dei blir vedteke, gje dramatiske konsekvenser for mange mennesker, store naturområde og samfunnsøkonomien i lang tid.

Av høyringsnotatet går det fram at ein ser på dei langvarige og komplekse administrative prosedyrane som ein av dei største hindringene for investeringer i fornybar energi. Motstridande offentlege gode er også viktige hindringar, spesielt når det gjeld vindkraft. Her blir miljøvern spesielt nemnt som ei hindring. Medlemslanda skal peika ut område som er særleg eigna til utbygging, og kor ein forventer at utbygginga ikkje får vesentleg innverknad på miljøet. Når slike områder er fastsett, vil det vere eit unntak frå kravet om å gjennomføre ein spesifikk miljøkonsekvensvurdering på prosjektnivå. Det vil da verte sett svært knappe frister for undersøkelser og behandling. Utbygging skal skje så fort som mulig.

Forslaget går altså ut på en forsert utbygging av bl.a. vindkraft. Dei som vedtek dette direktivet, forplikter seg til å fastsette område der utbygging skal skje hurtig og uten for mykje heft.

Tilgjengelege naturområder er et svært viktig gode for nordmenns folkehelse, både lokalt og regionalt/nasjonalt. Ved utbygging av vindindustri endrar naturområda totalt karakter og blir industriområde. Vinterstid vil dei heller ikkje være tilgjengelege på grunn av faren for mellom anna iskast. Områdene er også risikable for folk med pacemaker.

Fitjar AP meiner at regjeringa sitt forsøk på å innføre EU sitt direktiv både er udemokratisk og uverdig, og må stansast.

Konklusjon: Fitjar Arbeiderparti går sterkt imot at Norge skal slutte seg til heile eller deler av desse direktiva.

Med helsing Fitjar Arbeiderparti

Kjell Nesbø (gruppeleiar)